

Dykkar ref.:

Vår ref.:ard16031


Bergen: 28.08.2019

VARSEL OM NYTT OFFENTLEG ETTERSYN - MAIMYRA

I medhald av plan og bygningslova (pbl) § 12-10 vert det med dette varsla at detaljregulering for Maimyra, gnr. 42, bnr. 171, m.fl., i Fjell kommune skal leggjast ut på nytt offentleg ettersyn.

Reguleringsplan for Maimyra, gnr. 42, bnr. 171, m.fl., vart lagt ut til offentleg ettersyn første gong frå 19.02.19 - 02.04.19. I høyringsperioden kom det inn merknad frå Statens vegvesen om at planområdet måtte utvidast slik at kryss ved vegen Brattholmen og Ebbesvikvegen rett sør for barneskulen blei tatt med i planområdet. Krysset manglar i dag frisikt og trafikken går til dels i feil køyreretning. Ved å innlemme krysset i planområdet vil ein kunne leggje til rette for løysingar og regulere krysset i tråd med handbok N100. Grunna utviding av planområdet vert no reguleringsplanen for Maimyra lagt ut på nytt offentleg ettersyn.

Føremålet med planen er det same som ved førre utlegging til offentleg ettersyn, tilrettelegging av bustader og antal bustader er uendra. I det reviderte planforslaget er som nemnd krysset ved vegen Brattholmen og Ebbesvikvegen blitt innlemma i planområdet. Del av Ebbesvikvegen i aust er teke ut grunna at tidlegare avkjørsel til planområdet frå Ebbesvikvegen er fjerna slik at ein no berre har ein tilkomst til planområdet, frå vegen Brattholmen i nord. Omsynssona, H570 - bevaring kulturmiljø er utvida, samt at bautasteinen som ligg innanfor området har fått eiga omsynssone, H730 - bandlegging etter lov om kulturminnet. Det er i føresegnene også blitt gjort nokre endringar. Blant anna har det blitt lagt inn føresegn, 9.4, til omsynssona H730 og 2.7.1 er endra ift. kva som kan tillast utanfor byggjegransa.



Kart over planområdet. Skravert område i nord viser areal som no er blitt innlemma i planområdet medan skravert område i aust syner areal som no er teke ut av planområdet.

Plankart, føresegner, planomtale, illustrasjonsplan, trafikkanalyse og vegteikningar er tilgjengeleg for gjennomsyn på Ard arealplan as si heimeside www.ardarealplan.no under kunngjeringar. Dei som ynskjer å få tilsendt dokumenta på papir eller elektronisk vil få det ved førespurnad. Dokumenta kan elles lastast ned frå nettsida.

Eventuelle merknader til planframlegget må sendast skriftleg innan **23.09.2019** og sendast til: Ard arealplan as, Nygårdsgaten 114, 5008 Bergen eller på e-post til: post@ardarealplan.no. For meir informasjon kontakt Ard arealplan as på tlf. 55 31 95 00 eller sjå nettsida til www.ardarealplan.no

Med beste helsing

Hedvig G. Olsen

Hedvig Godvik Olsen
Landskapsarkitekt/planleggar

Ard arealplan as
Nygårdsgaten 114
5008 Bergen
Tlf: 55 31 95 00/ 46 41 98 15

Likelydande brev er sendt til:

Offentlege instansar:

FJELL KOMMUNE, PLAN- OG UTBYGGINGSSJEFEN
FJELL KOMMUNE, OMSORGSSJEFEN
FJELL KOMMUNE, FJELL ELDRERÅD
FJELL KOMMUNE, SKULESJEFEN
FJELL KOMMUNE, BARNEHAGESJEFEN
FJELLVAR AS
BKK NETT AS
SKYSS
NVE
FYLKESMANNEN I VESTLAND
HORDALAND FYLKESKOMMUNE
STATENS VEGVESEN
TELENOR KABELNETT

Eigarar av eigedomane:

Gnr.	Bnr.			
43	485	Brattholmen 56	5350	BRATTHOLMEN
43	478	Brattholmen 58	5350	BRATTHOLMEN
43	474	Brattholmen 60	5350	BRATTHOLMEN
43	475	Brattholmen 62	5350	BRATTHOLMEN
43	646	Brattholmen 64	5350	BRATTHOLMEN
42	83	Ebbesvikvegen 1	5350	BRATTHOLMEN
42	42	Ebbesvikvegen 12	5350	BRATTHOLMEN
42	47	Ebbesvikvegen 14	5350	BRATTHOLMEN
42	49	Ebbesvikvegen 15	5350	BRATTHOLMEN
42	86	Ebbesvikvegen 2	5350	BRATTHOLMEN
42	66	Ebbesvikvegen 3	5350	BRATTHOLMEN
42	88	Ebbesvikvegen 4	5350	BRATTHOLMEN
42	36	Nygårdsvegen 1	5350	BRATTHOLMEN
43	271	Nygårdsvegen 2	5350	BRATTHOLMEN
42	3	Skrubbenesvegen 2B	5350	BRATTHOLMEN
42	93	Svartamyra 1	5350	BRATTHOLMEN
42	171	Eigedomen har ikkje vegadresse		
43	724	Eigedomen har ikkje vegadresse		
43	178	Eigedomen har ikkje vegadresse		
42	137	Eigedomen har ikkje vegadresse		
42	85	Eigedomen har ikkje vegadresse		
42	99	Eigedomen har ikkje vegadresse		
43	778	Eigedomen har ikkje vegadresse		
43	719	Eigedomen har ikkje vegadresse		
43	360	Eigedomen har ikkje vegadresse		
42	144	Eigedomen har ikkje vegadresse		